Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.
Tilleggsspørsmålnr.
Emne: Ymse åttåtfor.
Oppskr. av: Gudmund Jårvik.
(adresse): Vik i Erfjord.

Fylke: Rogaland
Herad: Erfjord
Bygdelag:
Gard: Hamra
G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. A.

1. Ein hentar ikkje röter lenger her i bygdi. Det vert ikkje sanka rötter under siste verdskrig. Samuel L. Bruvik fortalde at han kunde minnast at dei nytta kraukeröterne som dei spadde upp når dei spadde ned poteter. Det er umlag 40 år sidan dei slutta med det. Det var eit småbruk dei hadde. På gardane har eg ikkje höyrt at nokon har henta röter i manns minne.

2. Det var kyrne som fekk krauka i Bruvik. S. B. fortalde at dei kalla kraukerøtene for moldfor.

B. 1. Bregnerøter har eg ikkje höyrt at nokon her har sankta til for.

II. Tang og Tare.

Har ikkje höyrt at nokon nytta tang eller tare til for.

III. Det vert ikkje nytta nokon av dei plantor som er nemde.

IV. Heste-mök nyttar ein heller ikkje.

2247

V. Soirpe for.

1. Ein kokar ikkje lenger soirpa åt dyra. Anna Hamra født 1881 fortalde at ho kunde minnast at dei koka vatn og sla det kokande på havremjöl, dette stod da til det vert kaldt so tok dei det å knóa det til knóór.
Det var grisene som fekk desse knóiane. Grisene fekk jamt mat i den tida. Dei tok då ein del av knóia i hendene og ga grisen. Dei kalla det for sit i lebne. Dei la dei i troa til grisen. Det vart slutt med dette då ho var i 10–12 årsalderen.
2. Nyttar ikkje noko av dette.
4. Rognebær vart ikkje nytta.
5. (Drank heller ikkje.
6. Nyttar ikkje noko avfall etter ölbrygging etter fidrel.

VI. Fiskeavfall.

1. Fiskeavfal vert ikkje nytta som årvist for. Det vart ikkje nytta under siste verdskrig. Det er sjeldan at det vert so mykje fiskeavfall her. Når ein har noko av det vert det koka til griser og høns.
2. Turka fiskeavfal vert ikkje nytta.
3. Det vert ikkje koka saman med tang.
4. Dyra får so med det kokte avfall i.
5. Ein kokar sild til dyra (serleg når ho er billeg.)
6. Det er i eldhuset ein kokar sild og fiske avfall. Dei kallar det for å löypa det. Då skal det so vidt vera på kokepunktet. 7. Det kan ikkje vera hovurk for.

2247

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING